

RETTLEIAR

IDENTIFIKASJON I  
FJERNSYN OG  
AUDIOVISUELLE  
BESTILLINGS-  
TENESTER

:MARS 2016



Medietilsynet  
NORWEGIAN MEDIA AUTHORITY

## RETTLEIAR OM IDENTIFIKASJON I FJERNSYN OG AUDIOVISUELLE BESTILLINGSTJENESTER

Etter kringkastingslova<sup>1</sup> skal tv-stasjonar og tilbydarar av audiovisuelle bestillingstjenester identifisere seg for sjåarane. Regelen lyder slik:

*§ 2-16. Identifikasjon av tilbydere av fjernsyn og audiovisuelle bestillingstjenester*

*Tilbydere av fjernsyn og audiovisuelle bestillingstjenester skal til enhver tid sørge for at seerne på en enkel og direkte måte har tilgang til følgende opplysninger:*

*a) navn, gateadresse, postadresse, elektronisk postadresse og øvrige opplysninger som gjør det mulig å komme i direkte forbindelse med tjenesteyteren*

*b) relevante reguleringsmyndigheter eller tilsynsorganer på det audiovisuelle området.*

*Kongen kan gi nærmere forskrifter om kravene til identifikasjon.*

Det er ikkje gitt forskrift med nærmare reglar om dette.

Denne rettleiaren gir uttrykk for korleis Medietilsynet forstår regelen og gir eksempel på korleis tv-stasjonar og dei som tilbyr bestillingstjenester, kan følge regelen.

## BAKGRUNNEN FOR REGLANE

Bakgrunnen for regelen om identifikasjon er at audiovisuelle medietjenester er viktige for meiningsdanninga i samfunnet og at sjåarane derfor må kunne identifisere kven som er ansvarleg for innhaldet i tenestene. Sjåarane skal òg vite korleis dei kan ta kontakt.

## KRAVA TIL IDENTIFIKASJON

Sjåarane skal alltid og på ein enkel og direkte måte ha tilgang til desse opplysningane om tilbydaren:

- Namn
- Gateadresse og postadresse
- E-postadresse
- Eventuelle andre opplysningar som gjer det mogleg å ta kontakt
- Namn på relevante reguleringsmyndigheiter eller tilsynsorgan. Norske tilbydarar må som eit minimum ta med at Medietilsynet er tilsynsorgan etter kringkastingslova.

Dersom det er eit telefonnummer for publikumskontakt, skal tilbydaren opplyse om dette nummeret.

---

<sup>1</sup> Lov 4. desember 1992 nr. 127 om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester

Dei tilbydarane som ønsker det, kan sette inn logoen til Medietilsynet der dei skriv namnet på tilsynsorganet. Dei kan òg lenke til nettstaden [www.medietilsynet.no](http://www.medietilsynet.no) . Her finn du også logoen:



Identifikasjonsopplysningane skal alltid vere tilgjengelege for sjåarane. Tilbydaren vil oppfylle dette kravet dersom han legg opplysningane på nettstaden sin. Når ein tilbydar, for eksempel eit mediehus, har fleire ulike medietenester som identifikasjonsregelen gjeld for, må opplysningane finnast både på den lokale og den sentrale nettstaden.

Sjåarane må kunne finne identifikasjonsopplysningane på ein enkel og direkte måte. Dette inneber at opplysningane må vere lett tilgjengelege, og det bør leggest vekt på at det skal vere intuitivt for sjåarane kor opplysningane er. For eksempel bør tilbydarane passe på at sjåarane må gjere så få klikk som mogleg for å finne opplysningane. Elles er det opp til den enkelte tenestetilbydaren korleis opplysningane skal gjerast tilgjengelege.

## Eksempel

Slik kan du kontakte TV7:

### **TV7**

Medieselskapet 7000 AS

Gateadresse: Storgata 7, Trondheim

Postadresse: Postboks 7, 7007 Trondheim

Telefon for publikumskontakt: 70 00 70 00

E-postadresse for publikumskontakt: [pubikum@tvsju.no](mailto:pubikum@tvsju.no)

TV7 skal følge reglane i kringkastingslova. Tilsynsorgan for denne lova er:  
[www.medietilsynet.no](http://www.medietilsynet.no)



Slik kan du kontakte Klikkavisa:

### **Klikkavisa**

Klikk AS

Gate- og postadresse: Smalgangen 8, 8008 Bodø

E-postadresse: [kontakt@klikkavisa.no](mailto:kontakt@klikkavisa.no) Tilsynsorgan: Medietilsynet